

Møtereferat

FAU
Sund ungdomskule

Dato: 13.01.2026
Møteleiar: **Bente Blomvågnes-Bakke**
Referent: **B. Blomvågnes-Bakke**



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes	X	Lisbeth Hjelle	
8B	Margrethe Fikse		Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide		Mariell Høyland	
8D	Roger Førde	X	Margun Wikum Olsen	
8E	Liv Toril Furuset Golf	X	Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund		Kristin Skage	X
9B	Charlotte Solsvik		Michael Grote	
9C	Luminita Simona Mihaila		Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard		Joni Risa	X
9E	Jeanette Forland	X	Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik		Inge Vik	
10B	Jeanett Angeltveit	X	Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm		Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland		Silje Bøthun	X
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

Pkt 1-2 vart gjennomført utan rektor til stades.

1. Godkjenning av innkalling, referat og sakliste – godkjent
2. Berre FAU: Status juleball og gåve til dei tilsette
 - a. Juleball: Diskusjon omhandla hovudsakeleg lengde på juleballet og bruk av alkohol, det er bekymring om at juleballet vert nytta som ein introduksjon til alkohol. Det vart foreslått å avslutte tidlegare sidan det er skuledag etterpå. Det er sterk mistanke om alkohol som var gøymd i gymsalen på førehand og det ble avdekka at nokon hadde alkohol på innerlomma, så ein ønsker strengare kontroll med blåsing ved sterk mistanke om alkohol. Ingen flasker bør koma inn. Bakdøra må låsast og det må vera vakt der. Det er ønskeleg at det blir kommunisert tydelegare regler med tilhøyrande konsekvensar. Til neste ball ønsker FAU å lage eit skriv i samarbeid med skulen som sendes ut til vaktene i forkant med all relevant informasjon, og det må gis tydeleg informasjon til elevane på førehand.
 - b. Gåve til dei tilsette: Innsamling før jul resulterte i nok pengar til gåve til sommar også.

3. Forslag til arena for kontakt med klassene – gjekk ut då representant med forslag ikkje hadde anledning å komme på møtet. Blir vidareført til neste møte.
4. Status arbeidsgrupper
 - a. Sponsorgruppa – Rektor har eit skriv som kan brukast for å få inn spons til prosjektvekeframføringa. Rektor sender denne til Jeanett og Ingvild i sponsorgruppa. Dersom det er en utfordring med sponsorar, så er det viktigaste med prosjektveka sjølve veka, og ikkje framføringa.
 - b. Trafikkgruppa – Det skulle vore eit møte etter førre FAU-møte, men gruppa har ikkje høyrte noko. Purrar på Robert Sæle som er initiativtakar for møtet.
 - c. Øygarden KFU: Ingen frå Sund US deltok på oppstartsmøtet. Bente er meldt inn i Spond-gruppa, og følger med på kva som kjem derfrå. Neste møte er 23. mars.
5. Informasjon frå rektor
 - a. FAU-gåve vart satt stor pris på, kortet står framleis framme.
 - b. Juleball, informasjon og dialog: Elevrådet hadde pynta til juleballet, og syns det var skikkeleg gøy å arrangere juleballet, og det var høy deltaking. Dei gjekk med 8700 kr i overskot. DJ var fornøgd, men det har vore litt blanda tilbakemeldingar, han hadde fleire danseleiker som mange likte godt, men alle likte ikkje musikken. Ubodne gjester vart ikkje eit problem, det var ein som dukka opp og hen vart køyrd heim. Skulen hadde nokre samtaler med enkeltelevar om alkohol. Vanskeleg å bevise at dei hadde drukke alkohol, så støtter betre kontroll og moglegheit for blåsetest for alkohol. Skulereglementet gjelder, og dei som gjer ting som ikkje er lov kan få nedsett åtferdskarakter. Dialog om at i forkant av neste ball bør nokon foreldre også gå gjennom gymsalområdet så nye auge kan sjå etter gøymeplassar der. Rektor og FAU er einig om betre og tydelegare informasjon til vakter og elevar der det må komme frem forventningar og konsekvensar (skulen sitt regelverk gjeld). Må få med at skåpa ved gymsalen ikkje skal nyttast. Einigheit om å avslutte skuleballet tidlegare, forslag om 22:30 på juleballet og 23:00 på sommarballet. Det må bli lagt til rette for at ingen klassar har prøve dagen etter.
 - c. Nasjonale prøver: Det var ei forbetring frå 2024 til 2025, men har innført tiltak på fleire nivå:
 - i. Samarbeid med barneskulane

- ii. Meir fokus på lesing
- iii. Matematikkløftet. Matematikkløftet er eit kompetanseutviklingstilbod til skular som ønsker å gje elevane ei meir praktisk, utforskande og variert matematikkundervisning. Kompetanseutviklinga går over to år og er samlingsbasert.
- d. Status Erasmusprogrammet – Har hatt besøk frå Italia, tema var mat og kultur, og elevane fekk smake fiskesuppe og besøke Fløyen. 12. april reiser ei gruppe til Brussel for å arbeide med EU.
- e. Jobbskugging – Samarbeider med ein skule i Bulgaria (naturfag og matematikk) og ein skule i Finland (lesing og skulesystemet generelt)
- f. Nyting av finvær: Bålkos og turar på isen har vore høgt verdsett
- g. Miljøvennar

6. Informasjon frå FAU til SU-møte:

- a. Dialog om juleballet
- b. Ønske om å få sponsormiddel til framsyning i prosjektveka